



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2323

Vår dato
10.12.2013
Dykkar dato
19.09.2013

Vår referanse
2013/12280 561
Dykkar referanse
13/2845

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Uttale til søknad om konsesjon for overføring av Middagsvatn til Mauranger kraftverk

Overføring av Middagsvatnet til Mauranger kraftverk representere isolert sett ei lita utbygging, men ligg heilt inntil grensa for landskapsvernområde og nasjonalpark. Vassdragsnaturen kring verneområda på Folgefonna er under sterkt press. NVE må vektleggje samla belastning på landskap og opplevingsverdi i området.

Fylkesmannen viser til Statnett AS sin søknad om overføring av Middagsvatnet til Mauranger kraftverk.

Middagsvatnet drenerer naturleg nordover og ned til Maurangerfjorden. Ved utbygging vil ein overføre vatnet mot bekkeinntak i Rennedalen med overføringstunnell til Mysevatnet via Øvre Trombetjørn. Det er søkt lagt fram to alternative inntakspunkt i Middagsvatnet, A og B, men søker ønskjer primært alternativ A.

Terskelen i Middagsvatnet vil vere om lag 8 m lang. Skilnaden mellom alternativa er små, det eine med inntakspunkt for tunnel heilt sør i vatnet, det andre i ei bukt i sør-aust. Overføringstunnellen vert omlag 130 m lang (alternativ A). Då det er mykje snø i området vil inntaket bli lukka, og tiltaket skal elles vere mest mogleg skjult. Tunnellen vil gi om lag 90 m³ overskotsmasser som vert plassert deponi nær utløpet av tunnellen og dekt til.

Øvre Tromtjørn ligg 100 -150 m frå grensa til Bondhusdalen landskapsvernområde og om lag 1 – 1,5 km frå nasjonalparkgrensa.

Utbygging kan skje veglaust ved bruk av helikopter. Overføringa vil gi ein produksjonsauke på 2,2 GWh i Mauranger kraftverk, som i dag har ein årsproduksjon på 1150 GWh.

Verknader på naturmiljøet

Middagsbekken ned mot fjorden vil bli tørrlagt i øvre del og ha redusert vassføring gjennom Nonsgilet og vidare ned mot fjorden. Her vil elva ha om lag 77 % av naturleg vassføring. Det er ikkje søkt om minstevassføring.

Kvalitetane i området er skildra i samband med verdisetting og verknader for naturmiljø, landskap og friluftsliv. Det er ikkje funne raudlista arter eller naturtyper i området, og utbygginga vil ikkje endre på INON-status. Området er generelt sett tungt tilgjengeleg og

ikkje tilrettelagt for friluftsliv. Det er truleg lite turbruk ved Middagsvatnet og Øvre Trombetjørn, men for dei som kjem hit vil inngrepa vere synleg.

Planlagt utbygging ligg i randsona mot svært viktige friluftsområder og verneområda på Folgefonnhalvøya, nær inn til vernegrensa. Området mellom Maurangerfjorden og Folgefonna har opplevingsverdiar knytt til landskapets dramatiske karakter, jf. verdivurdering i søknaden.

I søknaden er verknadene på natur fastsett slik:

Landskap:	Liten negativ konsekvens
Friluftsliv:	Liten negativ konsekvens
Naturmangfald:	Ubetydeleg/liten negativ konsekvens

I søknaden er det og gjort ei vurdering av samla belastning på raudlista arter og naturtyper, der ein konkludere med at utbygginga ikkje vil påverke naturtyper eller bestandsutvikling til aktuelle arter i vesentleg grad.

Fylkesmannens merknader

Inngrepa er avgrensa i omfang. Isolert sett er det vanskeleg å peike på konkrete naturfaglege argument som talar mot utbygginga.

Middagsvatnet og områda rundt låg i si tid innfor planområdet for verneplan for Folgefonna nasjonalpark. I samband med verneplanprosessen vert området teke ut, og grensa mot nasjonalparken og landskapsvernområdet går i dag få meter sør og sør-aust for utbyggingsområdet.

I tida etter at verneområdet på Folgefonna vart oppretta er det bygd ut eller gitt til løyve til minst 30 nye kraftverk på Folgefonnhalvøya. Det ligg og føre ein «pakke» med 13 nye utbyggingsprosjekt på vestsida av halvøya. Randsona til verneområda på halvøya vert stegvis punktert med inngrep, spesielt gjennom småkraftutbygging.

Søkjar har gjort ei vurdering av samla belastning på artar og naturtyper. Fylkesmannen meiner det er meir relevant å vurdere samla belastning av landskap og vassdragsnatur.

Konsekvensutgreiinga viser til området sin dramatiske natur, ein kvalitet som uttrykker ein eigenverdi. Dersom området ved Middagsvatnet vert liggande urørt vil det bidra til at vi får halde ei buffersone mellom Maurangerfjorden og nasjonalparken.

Fylkesmannen vil be NVE vektlegge samla omfang av vassdragsinngrep rundt Folgefonna opp mot det ein vil oppnå av kraftproduksjonen i Mauranger kraftverk.

Konklusjon

Utbyggingsområdet ligg nært opp til verneområda på Folgefonnhalvøya. Det er omfattande kraftutbygging i området, og vassdragsnaturen er under sterkt press. Fylkesmannen ber NVE leggje stor vekt på samla belastning på landskaps- og opplevingsverdiar.

Med helsing

Anniken Friis e.f.
seniorrådgjevar

Elnaz Golshany
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Statkraft Energi AS	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Forum for Natur og	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag			
Kvinnherad kommune	Rådhuset	5470	Rosendal